Hjernetrim heile sommaren 21.06.2011




**Systrene Nilsen er ikkje berre ein stad der ein kan nyta mat,drikke og musikk. Ein kan også få trimma dei små og grå - og det heile sommaren igjennom.**

**Quizen startar i morgon kveld klokka 19.30 og så går det slag i slag kvar einaste onsdag til samme tid heilt fram til veke 33.**

Det har meldt seg 3-4 lag allereie, opplyser drivar Morten Nilsen, som skal leia dysten saman med entertainar Bjørn Sturle Hillestad frå Herøysund.

Morten reknar ikkje med at det vil delta fleire enn 7-8 lag no ved starten, men han håpar sjølvsagt at det vil auka på etter kvart. I påska vart rekorden sett med 19 lag, og då var lokalet heilt fullt.

Innmelding på førehand kan skje på det vanlege telefon-nummeret til Systrene Nilsen. Quizen tek mellom 2 1/2 og 3 timar